



Din Bolig Søknad As
Postboks 145
5408 SAGVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7014 - 23/13636

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
21.02.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 134/137 Hilland

Tiltak: Bustadbygg med 4 leiligheter
Byggjestad: Gbnr: 134/137
Tiltakshavar: Kloppedalsvegen 5 As
Ansvarleg søkjar: Din Bolig Søknad As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.12.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ser at tiltaket inneberer fleire dispensasjonar frå ein reguleringsplan som er over 10 år gamal. I slike tilfella skal kommunen vurdere om det er hensiktsmessig å gjera ein planendring i staden for å gi tillatels. Saka må også ses i samanheng med sak 22/7427 som krev fleire dispensasjonar i same reguleringsplan. Kommunen vil anbefale dykk å *vurdere å trekke søknaden, eventuelt vurdere reguleringsendring*. Her viser vi også til vedlagte uttale frå planavdelinga i sak 22/7427.

Dersom dykk likevel ynskjer at saka skal realitetshandsamast ber vi dykk om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon for at eigedommen skal nytte anna avkøyrslse enn det som følgjer av reguleringsplanen
2. Dispensasjon frå arealføremål småhusbusetnad. Feltet er opna berre opp for rekkjehus og einebustader.

§4.2 Frittliggjande småhusbusetnad

4.2.1 I felt B tillet ein rekkjehus og einebustader, tilkomstveggar, parkering og garasjar knytt til desse.

3. Tiltaket vil innebere inngrep på naboeigedommen ifm. etablering av VA-leidning, oppgradering av slamavskilleren, samt etablering av veg kytt til rekkjefølgjegravet i RP

- pkt. 3.2.2. (Vegen er ikkje i samsvar med plan). Det må føreligge privatrettsleg avtale kor grunneigar samtykkjer til tiltaka på sin eigedom. Rettigheten i skylddelingsdokumentet gir tillatels til tilkomst, ikkje til å grave på eigedommen.
4. Muren og uteoppholdsarealet må prosjekterast i rammesøknaden. Kommuneplanen sitt kvalitetskrav til MUA skal være tilfredsstillt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **20.03.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale - Søknad om oppføring av bustader - Detaljreguleringsplan for Hilland, gbnr 134196 mfl. PlanID 1263-200602 (L)(962787)

Mottakarar:

Din Bolig Søknad As
Kloppedalsvegen 5 As

Postboks 145
Kloppedalsvegen 5

5408 SAGVÅG
5232 PARADIS